

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gunvor Skjelstad	K1-614	07/568

Saksnr	Utval	Type	Dato
089/24	Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)	PS	19.11.2024

Uttale til NVE - søknad om konsesjon til auka regulering av Krokavatnet, Gryte kraftverk

Kommunedirektøren si innstilling

Suldal kommune rår i frå auka reguleringshøgde av Krokavatnet som omsøkt frå Gryte Kraft AS.

Sand, 19.11.2024

Vedlegg:

Uttale frå Ropeidhalvøya grendautval

Høyring av søknad om regulering av Krokavatnet til produksjon av strøm i Gryte 1 og 2 kraftverk i Suldal kommune, Rogaland

Konsesjonssøknad om auka regulering av Krokavatnet

Konsesjonssøknad Gryte kraftverk II 2011

NVE si innstilling til konsesjonssøknad 2011

Planendringssøknad Gryte kraftverk II 2015

NVE si vurdering av planendringssøknad 2015

Vedtak Rogaland fylkeskommune - Tillatelse Gryte II minikraftverk 2016

Saksprotokoll Rogaland fylkeskommune for vedtak 2016

Saksutredning Rogaland fylkeskommune for vedtak 2016

Samandrag

NVE har motteke søknad frå Gryte Kraft AS v/Olai Sildelid om å auka eksisterande regulering av Krokavatnet på Ropeidhalvøya med 1 meter. NVE har sendt søknad på høyring og denne saka er forslag til uttale frå Suldal kommune.

Fakta

I 2016 gav Rogaland fylkeskommune løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Gryte 2 kraftverk ved Krokavatn på Ropeidhalvøya. Fylkeskommunen var på den tida konsesjonsmyndigheit for kraftverk med installert effekt mindre enn 1 MW. Kraftverket vart ferdig og sett i drift i 2018.

Opprinneleg konsesjonssøknad kom i 2011. Det vart då søkt om å regulere Krokavatn med 2 m. Den årlege produksjonen var berekna til ca. 2,20 GWh. Fleire partar gav høyringssvar. Suldal kommune v/LMT svarte at det kunne tillatast om maksimal regulering blei +-1 meter frå normalvasstand, ein valde ein alternativ røyrgetrase og sette strenge vilkår til landskapstilpassing og tilbakeføring av terreng. Fylkesmannen frårådde konsesjon fordi produksjonen var for liten i høve til inngrepa i høg fjellandskap. NVE kom med ei negativ innstilling. Dei meinte at fordelane ikkje oversteig ulempene og at kriteria i vassressurslova § 25 dermed ikkje var oppfylte. Etter dette blei planane justert i ei planendringssøknad i 2015. Her blei reguleringa redusert frå 2 m heving til 0,95 m og inngrepa mindre omfattande. Dette ville òg føre til ei reduksjon i forventa årleg produksjon på 0,55 GWh. NVE kom med ei ny innstilling der dei framleis frårådde konsesjon. Likevel vedtok fylkeskommunen å gi konsesjon i 2016 etter planendringssøknaden.

NVE har 16.7.2024 motteke ein ny søknad frå Gryte Kraft AS v/Olai Sildelid. Dei ønskjer no å auka reguleringa av Krokavatnet med 1 meter. Dette gir ei total regulering på 1,95 meter. Det vil gi ei auke i produksjonen på ca. 0,55 GWh per år, noko som utgjør straumbruka til ca. 28 husstandar. Sett i samanheng med sakshistorikken, vil dette tilsvare reguleringshøgda og produksjonsnivået det opphavleg blei søkt om i 2011 før planane blei reduserte i 2015. Ny demning blir ein meter høgare og får samanhengande betongsperre på øvre delen på totalt 40 meter. I dag er det 5 separate betongsperrer på til saman 13 meter i lengde. Magasinvolumet vil auke med ca. 59 000 m³. Minstevassføringa blir i følgje

søknaden uendra. Det er ikkje behov for vegbygging og andre inngrep enn utviding av demninga for prosjektet. I søknad er det oppgitt at auka regulering vil føre til neddemming av ca. 3 daa landareal, men Suldal kommune meiner det korrekte talet er ca. 4,7 daa. Dette er basert på kartet som er vedlagt i søknad og målingar av arealet på kart.

Naturmangfaldet i området blei undersøkt i 2007. Dette arbeidet blei bestilt til første konsesjonssøknad frå 2011. Det er ikkje gjort nyare undersøkingar. Ambio AS skreiv den gongen at det ikkje blei funne sjeldne eller trua naturtypar eller vegetasjon. Floraen i området var artsfattig, og det blei heller ikkje funne sjeldne eller trua artar. Derimot ville tiltaket skje i eit område med inngrepsfri natur (INON). Det var ikkje fisk i vatnet. Det er registrert sensitive artar (unntatt offentlegheit) i nærleiken. Ambio meinte tiltaket kunne ha stor negativ konsekvens for minst ein av artane utan avbøtande tiltak i anleggsperioden. Oppsummert skreiv Ambio at tiltaket kunne ha stor negativ konsekvens for sensitiv art, middels negativ konsekvens for inngrepsfri natur, liten negativ konsekvens for ferskvatn og ubetydeleg konsekvens for naturtypar, vegetasjon og flora.

Lover, føresegner, rundskriv

NVE skal handsame søknaden etter Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven)

Økonomiske konsekvensar

Ikkje relevant

Folkehelse

Ei auka regulering kan få negative konsekvensar for friluftsliv. Turstien til Grytenuten (862 moh) går i same området.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Krokavatnet og Gryte kraftverk ligg i LNF-område i kommuneplanen sin arealdel.

Suldal kommune utarbeida retningslinjer for sakshandsaming av kraftverk i Kommunedelplan for klima og energi 2012-2017. Desse blir lagt til grunn inntil kommunen har utarbeida ny klima- og energiplan (planarbeid for dette er vedteken i Planstrategi for Suldal 2024-2027).

Innkomne uttalar

NVE har sendt saka på høyring med høyringsfrist 22.11.2024. Suldal kommune har ikkje tilgang på andre innkomne uttalar i saka før denne fristen er gått ut, anna enn uttalen Suldal kommune sjølv har innhenta frå Ropeidhalvøya Grendeutval 22.10.2024:

«Medlemmene i Ropeidhalvøya Grendeutval fekk dette tilsendt på mail. Kristina Sildelid er ugild i saka, og 1. vara har difor fått det tilsendt og gitt uttale. Ingen av medlemmene har imot

auka regulering av Krokavatnet, men er opptatt av at det blir tilrettelagt for trygg og god ferdsel for turgåarar i området.»

Vurdering og konklusjon

Saka skal handsamast etter vassressurslova “Kapittel 3. Nærmere om konsesjon til vassdragstiltak m.v.”.

Sentralt i dette er § 25. (kriterier for konsesjon)

"Konsesjon kan bare gis hvis fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørfeltet.

Når et tiltak er av varig karakter eller av andre grunner kan få mer langsiktige virkninger, skal kravet i første ledd være oppfylt på lengre sikt."

I Klima- og energiplan for Suldal kommune (2012) blei det utarbeida retningslinjer for sakshandsaming av kraftverk i Suldal. Der heiter det vidare: “Retningslinjene for sakshandsaming av kraftverk skal følgjast. Alle søknader skal likevel gjevast ei individuell handsaming der dei totale verknadene av utbygginga blir vurdert.”

Retningslinjer i Klima- og energiplan for Suldal kommune med kommentarar:

1. Alle søknader om kraftutbygging skal sendast aktuelt grendeutval til uttale

Ropeidhalvøya grendeutval har uttalt seg. Sjå over.

1. Kraftverk bør ikkje berøra areal over skog-grensa

Krokavatnet ligg ca. 560 meter over havet. Dette er over skoggrensa.

3. Søknader om utbygging i landskapsvernområde vil bli frårådde når dei går utover verneformålet.

Ikkje relevant for saka. Det er ingen verneområde i nærleiken som kan bli påverka av kraftverket.

4. I vatn som fungerer som magasin, bør det berre tillatast ei lita regulering utover tidlegare eller naturleg regulering, til dømes pluss/minus ein meter.

Gryte Kraft AS søker om å auka reguleringa med 1 meter frå dagens tilstand. Frå før er vatnet regulert med 0,95 meter. I opprinneleg konsesjonssøknad frå 2011 blei det søkt om regulering på 2 meter. Dette blei seinare redusert til 0,95 meter i ein endra søknad frå 2015. Dersom ny søknad blir godkjent, vil reguleringa totalt bli nesten 2 meter.

5. Ein må ta særleg omsyn til utforming i område nytta til rekreasjon og fritidsføremål

Krokavatnet ligg i eit [kartlagt friluftsområde](#) med verdi «Svært viktig friluftsområde». Hovudsakeleg fordi stien til Grytenuten (862 moh) går gjennom området. Denne er mykje brukt av folk. Brukarfrekvens er satt til «Ganske stor».




Grytenuten er den høgaste toppen på Ropeidhalvøya og eit kjent turmål. På stien til nuten passerer turgåarar demninga i den nordaustlege delen av vatnet. Det er berre dryge 10 meter frå demninga til stien som er oppmerka på kart. Ein høgare og lengre demning beståande av betongmur blir meir iaugefallande for dei som nyttar stien. Det går også ein sti på sørsida av Krokavatnet.

Vedlagt konsesjonssøknaden er det illustrasjonar som viser korleis ein utvida demning blir sjåande ut i terrenget og kart som skal visa arealet som blir neddemt ved auka regulering. Den ekstra høgda til demninga vil gjere at betongmuren stikk opp over dei naturlege berga og bli synlegare. På kartet ser me at mellom anna at neset som strekkjer seg ut i vatnet frå aust, samt fleire av holmane uti vatnet, vil forsvinna heilt ved høgaste vasstand. Dette vil gi ei endring i landskapet. Søkjar har oppgitt at arealet som blir neddemt utgjør 3 daa. Suldal kommune er ikkje samd i dette. Ei måling av dette arealet på kart gir ca. 4,7 daa, noko som er ein vesentleg forskjell frå søkjars tal. Her må NVE undersøka nærare kva som er korrekt areal.

Vedlegg 5

Skravert areal blir neddemt ved ny HRV.
I tillegg vil neddemt strandline variere frå
0 meter på store områder til 1-3 m på
nokre strekk.

Det same arealet blir reguleringssona.



Vedlegg frå søknad som viser neddemt areal. Her er også plassering av eksisterande og utvida demning markert i kartet.

6. Ein må ta særleg omsyn til utforming i verna vassdrag og i område der kulturlandskap eller naturkvalitetar er viktige

Det blei ikkje funne raudlista artar eller sjeldne og trua naturtypar då området blei undersøkt i 2007. Men det finst tidlegare registreringar av sensitive artar som det blei tilrådd å ta omsyn til, spesielt under anleggsperioden. Tilrådinga var å legge anleggsperioden utanfor den sårbare perioden til artane. Dette er truleg også aktuelt som avbøtande tiltak i dag. NVE må også merka seg at naturundersøkingane frå 2007 byrjar å bli gamle. Det er ikkje noko som tyder på at naturmangfaldet i området har endra seg mykje sidan den gong, men kunnskap og metodar innan feltet har endra seg noko. Til dømes er raudlista for artar

revidert heile tre gonger sidan 2007. Det kan bety at artar som er komen på raudlista i ettertid, ikkje blei fanga opp for 17 år sidan. Det har også kome nyare kunnskap om og metodar for naturtypar.

Kommunedirektøren finn at planane for auka regulering av Krokavatnet til ein viss grad strir med kommunen sine retningslinjer for sakshandsaming av kraftverk. Dette gjeld hovudsakleg at kraftverket er eit inngrep i areal over skoggrensa og skjer i eit område som er viktig for rekreasjon og fritidsføremål. Det kan vera positivt med auka kraftproduksjon i eksisterande kraftverk, men NVE må ta med i vurderinga at 2 meter regulering har vore søkt om her tidlegare og at fleire partar (t.d. NVE og Fylkesmannen) den gong var negative, også til redusert regulering i endra søknad. Då meinte dei mellom anna at kraftproduksjonen var for låg i høve til inngrepa i fjellandskapet og at ulempene oversteig fordelane. Suldal kommune meinte at kraftverket berre kunne tillatast om regulering og inngrepa vart reduserte, noko dei blei.

Kommunedirektøren kan ikkje sjå at det er kome ny fagkunnskap som endrar saka og forsvarar ei auka regulering på noverande tidspunkt. Det er berre 6 år sidan eksisterande demning sto ferdig. NVE må før dei gjer eit vedtak oppklara kva som er korrekt tal for nytt areal som blir neddemma ved auka regulering, då tal i søknadsteksten og areal på kart ikkje samsvarar. NVE må og vurdere om undersøkingane av naturmangfald frå 2007 er gode nok i høve til dagens kunnskap og metodar.

Kommunedirektøren rår i frå auka reguleringshøgde av Krokavatnet som omsøkt frå Gryte Kraft AS. Kommunedirektøren kan ikkje sjå at fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørfeltet.

19.11.2024 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Forslag frå SP, foreslått av Berit Fyljesvoll Haugslund, Senterpartiet

Suldal kommune rår til å auka reguleringshøgde av krokavatnet som omsøkt frå Gryte kraft AS på vilkår av at det blir gjort tiltak for å oppretthalda turstien.

forslag fra AP, foreslått av Stian Ollila, Arbeiderpartiet

Suldal kommune rår til å auka reguleringshøgde av Krokavatnet som omsøkt frå Gryte Kraft AS på vilkår at det blir gjort tiltak for å oppretthalda og forbetra tursti slik at dette er trygt og farbart for ålmenta. Både eksisterande og ny mur må utførast slik at det gir minst mogleg synleg inngripen i naturen.

Forslag fremma av Berit Fyljesvoll Haugslund

Stian Ollila AP ber om gruppemøte.

Kl.09.56 - gruppemøte til kl.10.00.

Stian Ollila AP fremmar nytt forslag.

Berit Fyljesvoll SP trekk forslag

RØYSTING

Innstillinga frå kommunedirektøren

For:

Forslag frå AP
For: Samrøystes

LMT - 089/24 Vedtak:

Suldal kommune rår til å auka reguleringshøgda av Korkavatnet som omsøkt frå Gryte Kraft AS på vilkår at det blir gjort tiltak for å oppretthalda og forbetra tursti slik at dette er trygt og farbart for ålmenta. Både eksisterande og ny mur må utførast slik at det gir minst mogleg synleg inngripen i naturen.